

Åseral sokneråd har ledig stilling som kyrkjelydsarbeidar

Åseral sokn dekkjer heile Åseral kommune. Kommunen har ca. 920 innbyggjarar.

Kommunen er ein turistkommune og ein kraftkommune.

Kommunen er særst godt tilrettelagt med tanke på friluftsliv, med blant anna 3 alpinsentrar og milevis med langrennsløyper i flott hei-terreng.

Kyrkjekontoret ligg i Kyrkjebygd sentrum tett med Rådhuset og ein vil her kunne samarbeide med sokneprest, kyrkjeverje og kyrkjelydssekretær.

Åseral sokn har 1 hovudkyrkje plassert like ved kyrkjekontoret, og to kapell (Åknes kapell og Ljosland kapell). Kyrkjelyden har også tilgang til bedehus med moderne fasilitetar som ligg tett med kyrkjekontor og kyrkje.

Kyrkjelyden har jamleg gudstenester i kyrkja og i kapella og nokre større arrangement som til dømes den årlege «veteranbilgudstenesta» i juli månad.

Kyrkjelydsarbeidar 30% fast stilling

Hovudoppgåver:

Kyrkjeleg undervisning:

- Hovudansvar for kyrkjeleg undervisning / administrere og koordinere nye og eksisterande tiltak i kyrkjelyden
- Vidareutvikle plan for «kirka vår» i samarbeid med frivillige og kyrkjeleg tilsette
- Nettverksbygging i forhold til anna arbeid, lokalt og regionalt
- Rekruttere og inspirere frivillige medarbeidarar
- Organisere og leie fleire av tiltaka
- Fokus på leiarutvikling av ungdomar og rekruttering

Diakoni:

- Hovudansvar for diakoniplanen
- Oppfølging av frivillige
- Tilbod om samtale
- Deltaking i beredskap og i krisesituasjonar

Anna kyrkjelydsarbeid:

- Sekretær for gudstenesteutvalet
- Samordne og organisere det frivillige arbeidet i kyrkjelyden
- Organisere spesielle gudstenester
- Marknadsføring; plakatar og lage stoff til heimeside og kyrkjeblad

Ønskja kvalifikasjonar :

- Relevant utdanning; for eksempel teologi, kristendom eller pedagogikk
- Erfaring frå arbeid med barn og unge vektleggast
- Praktisk erfaring kan kompensere for manglande utdanning
- God evne til å formidle den kristne tru
- Gode evner til nettverksbygging, relasjonsarbeid, samarbeid og kommunikasjon
- Gode norskkunnskapar og god på skriftleg og munnleg framføring
- God på organisering og teamarbeid

Personlege eigenskapar :

- Kontaktskapande, særleg i høve til barn og ungdom
- Brubbyggjar i høve til andre organisasjonar
- Sjølvstendig, ansvarsmedviten og initiativrik

Me tilbyr :

- Triveleg arbeidsmiljø
- Stor fleksibilitet
- Lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande regulativ og tariffavtale
- Pensjonsordning i klp
- Tillegg for kvelds- og helgearbeid

Anna :

Personlege eigenskapar og motivasjon vil bli vektlagt. Den som tilsetjast må disponera eigen bil, vera medlem av Den norske kyrkje og vil bli beden om å leggja fram tilfredsstillande politiattest jfr trosamfunnsloven §20.

Tiltreding :

Snarast

Kontaktperson :

Kyrkjevevje Sjur Høgetveit 917 63 103/ sh256@kirken.no

Søknad sendast :

Sh256@kirken.no. Aktuelle søkjarar må framvise dokumentasjon for utdanning og praksis i eit intervju.

Søknadsfrist : 4. oktober 2026